



Technogarden AS
Vestfjordgaten 4
1338 SANDVIKA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8041 - 22/55945

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
08.07.2022

Igangsettingsløyve for anlegg - gbnr 29/5 Hauge

**Administrativt
vedtak:**

Saknr:

Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:
Søknadstype:

Telenor Infra AS
Technogarden AS
Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av heile for oppføring av utstyrshytte og telemast på følgjande vilkår:

- 1. Rammeløyve av 22.12.2021 med vilkår gjeld for tiltaket.**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.**

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av oppføring av teknisk utstyrshytte og telemast.

Kommunen har i vedtak av 22.12.2021 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad om igangsetting motteken 25.04.2022.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 23.06.2022, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Ut frå det kommunen kan sjå er det nytta same situasjonskart med same plassering i endringssøknad, som i original søknad. Det er søkt om godkjend plassering med eit slingringsmonn på 20 meter.

Kommunen må gje løyve til plassering av tiltak. Det er dermed naudsynt med ei punkt-plassering av tiltak. Dette gjeld både mast og utstyrshytte. Det kan ikkje gjevast løyve til plassering med slingringsmonn på 20 meter.

Dersom plassering ikkje er endeleg avklart må dette gjerast før søknad kan takast til endeleg handsaming. Det må sendast inn oppdatert situasjonskart før søknad kan vurderast vidare. Dersom dykk ynskjer å plassere tiltak i samsvar med administrativt vedtak 1316/21, er det ikkje naudsynt med endringssøknad.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 07.07.2022, der det vart stadfesta at endringssøknad vart trekt. Søknad om igangsetting er vurdert på bakgrunn av opprinneleg rammeløyve

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.07.2022 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8041

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Technogarden AS	Vestfjordgaten 1338	SANDVIKA
	4	
Telenor Infra AS	Postboks 800 1331	FORNEBU